



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen,

Vår dato
28.4.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/2988
Dykkar referanse

REFERAT

Regionalt plan- og øvingsforum Hordaland - Referat frå oppstartsmøte 27. april 2016

Til stades:

Bergen kommune v/Jørgen Gullestad; Helse Bergen HF v/Jan Agdestein; HFK v/Birthe Aasen; HSFD v/Eivind Hovden; HV09 v/Kato Kvitne; Jernbaneverket infrastrukturområde Vest v/Anette Simonsen; KDS Hordaland v/Steinar Torsvik; Kystverket region Vest v/Kjell Asle Djupevåg; Mattilsynet region Sør og Vest v/Ingeborg Slettebø Wathne; Statens vegvesen region Vest v/Brynjulf Herheim; Vêrvarslinga på Vestlandet v/Arnstein Tjøstheim; FMHO v/Arve Meidell, Alfa Sefland og Fredrik Arnesen

Forfall:

VPD; NVE; Telenor

Dagsorden:

1. Bakgrunn for ønske om etableringa av Øvingsforum Hordaland
2. Diskusjon om etableringa av eit øvingsforum
3. Vidare framdrift for øvingsforum

1. Bakgrunn for ønske om etableringa av Øvingsforum Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland (FMHO) orienterte kort om etableringa av Øvingsforum Hordaland. Sentrale tema var mellom anna FMHOS samordningsansvar, fordelar ved betre samordning, organisering, forankring og avgrensingar for forumet.

2. Diskusjon om etableringa av eit øvingsforum

Det vart opna for diskusjon knytt til etableringa av Øvingsforum Hordaland:

- Generelt var det berre positive tilbakemeldingar på etableringa av eit slikt forum frå dei verksemndene som deltok i møtet. Samordning og kjennskap til dei ulike aktørane er viktig.
- Det vart påpekt at eit liknande forum allereie eksisterte i form av øvingsutvalet til Lokal Redningssentral ved Vest politidistrikt (VPD), men at dette ikkje har vore verksamt på ein del år. Det vil ikkje være hensiktsmessig ved to slike forum.
- Det ble uttrykt eit sterkt ønske om at VPD skulle prioritere deltaking i forumet. Utan deira deltaking ville dette arbeidet bli vanskelegare.

- Nødvendigheita av eit godt, tydeleg og forankra mandat for forumet vart trekt fram. Mandatet bør mellom anna beskrive ansvar, roller, prosessar og systematikk.
- Dei ulike verksemder må forankre deltaking og ressursar internt.
- Behovet for felles terminologi og metodikk vart trekt frem av fleire. Det vart mellom anna vist til «Håndbok i øvelsesplanlegging» frå beredskapsaktørar i Rogaland som eit godt døme på metodikk.
- Det var noko diskusjon knytt til kva ei øving var. Det vil være viktig å ha fokus på dei større samordningsøvingane i dette forumet, det vil seie øvingar som involverer to eller fleire av dei regionale aktørane.
- Det er viktig å planlegge øvingar i god tid og med lang tidshorisont. Ein bør i god tid ha avklart og definert kva ein ønsker å øve på. Fylkes-ROS kan danne eit utgangspunkt for kva ein bør øve på.
- Ein bør ha eit meir heilskapleg system for øvingar, der ein starter med å gjennomgå dei ulike relevante verksemvenes planverk og finn ut kvar ein eventuelt har manglar, før ein kalibrerer planverka og tettar eventuelle «hull» i planane. Planlegging gir i seg sjølv kanskje dei største gevinstane. Det vil vidare være gunstig å lage eit øvingsdesign.
- Forumet bør endre namn til Regionalt *plan*- og øvingsforum Hordaland (bifalt og endra!)
- Ønske om ein felles øvingskalender vart diskutert. Det vil vere svært krevjande å halde oversikt over alle øvingar i fylket. Mogleg kan det være aktuelt å ha ei liste over framtidige planlagde større samvirkeøvingar.
- Det vil være gunstig å samkjøre dei store regelmessige regionale øvingane i størst mogleg grad (t.d. Øving Hordaland og Øving Bjørgvin)
- Det er viktig å kjenne til dei ulike aktørane ansvar og roller i beredskapssamanheng

3. Vidare framdrift for Plan- og øvingsforum Hordaland

- Det etablerast ei arbeidsgruppe som kan utforme et mandat. Deltakare er FMHO, Statens vegvesen, Bergen kommune og HSFD. Utkast til mandat diskuterast på det neste ordinære møte i gruppa. Mandatet ferdigstilla og leggjast frem for Fylkesberedskapsrådet i Hordaland på det faste årlege møtet (19-20. januar 2017).
- Det arbeidast for å få til ein kompetansehevingsdag for gruppa i august /september. Første del av dagen tek ein sikte på å få sentrale personar med kompetanse til å halde innlegg (eks: Pollestad/Steinnes). Andre del av dagen kan dei ulike aktørane fortelje om deira beredskap, mellom anna knytt til ansvar, roller, forventningar til ein annan og kva dei kan bidra med i beredskapssamanheng.
- Ein tar sikte på eit nytt ordinært møte i gruppa i oktober
- Avinor og 110-sentralen inviterast med i det vidare arbeidet